



P 399n/21
14.12.2021

Felles pressemelding

Fersk laks pakka med Styropor® Ccycled™: Verdask første fiskekasser av EPS basert på kjemisk resirkulert plast introdusert i Noreg

- **Bremnes Seashore brukar Styropor® Ccycled™ i transportemballasjen til deira høgkvalitets BÖMLO® laksefiletar**
- **Jomfrueleg kvalitet og matvaregodkjenning garantert: Fiskekasser av Ccycled™ er identiske med vanlege fiskekasser av ekspandert polystyren (EPS)**
- **Sirkulærøkonomi: VARTDAL PLAST engasjert i gjenvinning av fiskekasser**

Ludwigshafen, Tyskland og Vartdal/Bømlø, Norge, 14. desember 2021 – Fersk fisk og ChemCycling™: Korleis heng dette saman? I eit felles prosjekt har tre selskap demonstrert korleis det kan gjerast: BASF, som råvareprodusent og -leverandør av EPS, VARTDAL PLAST som konverterer EPS-perlene til filet-fiskekasser og Bremnes Seashore som brukar kassene til transporten av ein del av deira høgkvalitets-laks, BÖMLO, frå og med jula 2021.

«EPSen er kjend og kjær, med sær gode eigenskapar for ei trygg kjølekjede. Ei trygg kjølekjede er viktig for matvaretryggleik og for å unngå matsvinn. For oss i Bremnes Seashore er det interessant å prøva eit alternativ der klima- og miljøavtrykket frå EPS vert monaleg redusert, og vi set alltid pris på slike sirkulærøkonomiske initiativ», seier Simon Nesse Økland, Utviklingssjef i Bremnes Seashore.

Emballasje med matvaregodkjenning og jomfrueleg kvalitet

Som følge av produksjonsprosessen har Styropor® Ccycled™ dei same eigenskapane som konvensjonell Styropor®. Dei utmerka emballasjeeigenskapane bli oppretthaldne,

slik som isolasjonsevne og støytmotstand med god bøye- og stablestyrke, som er avgjerande for å halde fisken fersk og trygg samtidig. I produksjonen av emballasjeråvaren, som har blitt velkjend dei siste 70 åra, erstattar pyrolyseolje fossile råvarer. BASF hentar denne oljen frå teknologipartnerar som brukar ein termo-kjemisk prosess kalla pyrolyse for å transformere forbrukarane sitt plastavfall, som elles ville blitt brukt til energigjenvinning eller gått til deponi, til dette sekundære råstoffet. BASF brukar deretter oljen heilt i starten av verdikjeda til å produsere ny plast og andre produkt.

Sidan resirkulerte og fossile råvarer vert blanda i produksjonen og ikkje kan skiljast frå kvarandre, blir den resirkulerte delen allokert til Styropor® Ccycled™ ved hjelp av ein massebalanse-metode. Både tildelingsprosessen og sjølve produktet er sertifisert av ein uavhengig revisor. Samanlikna med konvensjonell Styropor®, vert minst 50 prosent CO₂ spart i produksjonen av Styropor® Ccycled™.

Styropor® Ccycled™ for alle nøkkelapplikasjonar i BASF si EPS-produktportefølje

«Kjemisk resirkulering av plastavfall er ikkje berre avgjerande for å nå dei europeiske måla for sirkulærøkonomi, men er også veldig nyttig for applikasjonar med høge kvalitets- og tryggleikskrav, som til dømes beskyttande emballasje, farmasiemballasje og matemballasje. Vi er derfor veldig stolte av ChemCycling™-prosjektet med Bremnes Seashore for EPS-kasser og vi er veldig glade for å ha bidratt i deira berekraftsatsing», seier Klaus Ries, leiar for BASF's Syrenic Business Europe.

Også for produsenten VARTDAL PLAST gir Styropor® Ccycled™ mange fordelar, sidan produktet er identisk med nytt materiale. Derfor treng ein ikkje å justere produksjonsprosessen. Selskapet og produkta deira er sertifisert i samsvar med ecoloop-sertifiseringsprogrammet, som stadfestar at produkta er laga med 100 % resirkulert materiale som råvare. «Bremnes Seashore har vore kunde av VARTDAL PLAST i fleire tiår og vi er glade for at dei er den første kunden som vel VARTDAL AIRBOX LOOP, ei fiskekasse av EPS laga av 100 % Styropor® Ccycled™-råstoff, som kjem frå kjemisk resirkulert plast», seier Jan Endre Vartdal, eigar og dagleg leiar i VARTDAL PLAST. «Målet vårt er å transformere heile produksjonen vår frå å bruke fossilbaserte råvarer til å bruke fossilfrie eller resirkulerte råvarer. Ved å bruke Styropor® Ccycled™-råstoff frå BASF, kan vi starte denne transformasjonen i nært

samarbeid med kundane våre, utan at det påverkar kvalitet og eigenskapar ved resirkulering».

Sirkulærøkonomi i aksjon: fiskekasser kan resirkulerast og blir resirkulert

Fiskekassen er eit viktig produkt i EPS-produktfamilien. Verdas første fiskekasse i EPS var laga i 1965 og desse kassene har sidan blitt eit avgjerande verktøy for å transportere fersk fisk verda over. Med ei snittvekt på 0,6 kg per kasse inneheld ei standard fiskekasse 22 kg fersk fisk. I tillegg er fiskekasser av EPS enkle å resirkulere og blir resirkulert i Skandinavia og andre europeiske land. Av denne grunn blir fiskekasser samla inn, komprimert og etter kvar knust i små bitar. Dei små bitane av EPS blir vidare brukt som råvare for produksjon av ny polystyren som blir brukt til mange formål, til dømes isolasjonsplater. «Som plastprodusent har vi eit ansvar for å bidra til at produkta våre kjem tilbake i loopen. Av den grunn har vi sett opp to høg-kapasitets-komprimeringsanlegg i Midt-Norge og på Austlandet. Ved å bruke returfrakt, samlar våre eigne bilar inn EPS frå avfallsmottak, prosessanlegg og opphentingspunkt for byggsektoren. Bilane tek EPSen med tilbake til våre komprimeringsanlegg der den blir knust, komprimert og palletert klar for resirkulering. Vårt langsiktige mål er å føre det komprimerte materialet tilbake i vår eigen produktserie, VARTDAL LOOP® som berre består av produkt av resirkulerte eller fossilfrie råvarer», legg Jan Endre Vartdal til.

Les meir om BASF's ChemCycling™ project [her](#).

Om BASF

I BASF skapar vi kjemi for ei berekraftig framtid. Vi kombinerer økonomisk suksess med miljøvern og sosialt ansvar. Meir enn 110 000 tilsette i BASF Group bidreg til suksess for kundane våre i nesten alle sektorar og nesten alle land i verda. Porteføljen vår er organisert i seks segment: Kjemikaliar, materialar, industrielle løysingar, overflateteknologiar, ernæring og pleie og landsbruksløysingar. BASF omsette for 59 milliardar Euro i 2020. BASF-aksjar kan handlast på børsen i Frankfurt (BAS) og som American Depositary Receipts (BASFY) i USA. Ytterlegare informasjon på www.basf.com

Om VARTDAL PLAST

VARTDAL PLAST er ein av dei leiande EPS-produsentane i Noreg, som tilbyr eit breitt spekter av produkt for matemballasje, industriemballasje og bygg og anlegg. I 60 år har vi bidratt til trygg mat og varme hus ved å tilby slike produkt. Målet vårt framover er å transformere alle produkta våre frå å innehalde fossile råvarer til å innehalde resirkulerte eller fossilfrie råvarer. Ytterlegare informasjon på www.vartdalplast.no

Om Bremnes Seashore

Bremnes Seashore AS er ein av Noregs leiande leverandørar av oppdrettslaks. Med lang erfaring, høg kunnskap om oppdrett og innovasjon i alle delar av prosessen, har vi utvikla kvalitetsprodukt som blir etterspurde over heile verda. Ved vårt topp moderne pakkeri og foredlingsanlegg på Bømlo produserer vi 500 000 laksemåltid kvar dag. Med over 500 tilsette, er Bremnes Seashore ein viktig arbeidsgjevar og ein aktiv støttespelar i lokalsamfunna der vi har aktiviteten vår. Besøk www.seashore.no for meir informasjon.

Mediakontakter:

BASF

Sven Heppes
Telefon: +49 621 60 58772
sven.heppes@basf.com

VARTDAL PLAST

Jan Endre Vartdal
Telefon: +47 913 67 460
jan@vartdalplast.no

Bremnes Seashore

Simon Nesse Økland
Telefon: +47 917 59 753
simon@seashore.no